

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur

Nr 1 | mars 2020 | 23. årgang



Neste blad

kjem i juni 2020, med frist for stoff 20. mai. Send gjerne inn tips om det skjer noko på setra i sommar!

Kulturlandskapsprisen

for Trøndelag i 2019 gjekk til Synnøve og Ola Bruholt som driv Svartdalssetra i Rennebu kommune. Dei fekk prisen for vedlikehald og drift av setra i Minildalen, like ved grensa til Oppdal. På setra lagar dei rømme, smør og yoghurt, som dei sel til gjester og i butikken på Nersko-gen. Dei har ope for servering på setra kvar laurdag, og i 2019 var til saman tusen personar innom, skriv avisa Opp, som kjem ut i Oppdal.

Ø.S.

Utmark er sjølvberging

- › I mars 2020 vart Noreg annleis. Det kom eit ukjent virus å verna seg mot, og det eine førte til det andre. Skular vart stengde, arbeidsløysa sette rekord. Flya stod på bakken, toga stod i ro. Folk vart usikre på framtida, somme hamstra mat og dopapir. Også somme land vart usikre. Fleire eksportland byrja å tenkja høgt om å halda att ein større del av maten dei vanlegvis sender frå seg. Somme stilte spørsmål om sjølvforsyninga vår. Kan me lita på at det alltid vil vera nok mat å kjøpa der ute i verda? Kvifor har me ikkje kornlager lenger? Og kor trygt er det å byggja norsk landbruk på kraftfôr frå utlandet?
- › Ingen ynskjer ei krise. Men kan henda dei usikre tidene gjer at nokon fleire vil sjå verdien av å produsera mat heime på eigne ressursar.
- › Dét vil mellom anna seia korn og potet frå norske åkrar og drøvtyggjarfôr frå eng og utmark. Då skulle ikkje minst seterbrukarane ha grunn til å retta ryggen litt.

Øystein Skjæveland



Styret:

Siv Beate Eggen, leiar
Sørbygdvegen 543,
7760 Snåsa,
tlf 481 02 785
sivbeate@me.com

Knut Ola Storbråten,
nestleiar

Anno museum, Odalstunet,
Kongsvinger festning 2,
2213 Kongsvinger
tlf 469 11 351
knut.ola.storbraten@
annomuseum.no

Styremedlemmer

Per Sæther
Gaupsetvegen 430,
6631 Batnfjordsøra
tlf 936 73 569
pesetra@gmail.com

Ove Sørestrand
Strandavegen 2,
6947 Lavik
tlf 951 38 819
ove.sorestrand@nlr.no

Per Sigve Lien
per.sigve.lien@tine.no
(repr. landbruksamvirket)

Varamedlemmer

Kjetil Larsgard
Hovsvegen 215
3577 Hovet
tlf 908 65 957
Kjetil@larsgard.no

Inga Iversen Aasen
Vingelsåsen 51
2542 Vingelen
tlf 416 37 520
ingaiversenaasen@gmail.com

Gro Haraldsdotter Arneng
Dalsvegen 639
2940 Heggenes
tlf 952 26 255
groarneng@hotmail.com

Utgjevar:

Norsk seterkultur

Skrautvålvegen 77, 2900 Fagernes

Telefon 990 09 584
E-post seter@seterkultur.no
Heimeside www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Øystein Skjæveland, tlf 416 07 381
heim@isrosa.no

Trykk: Unitrykk

Rekneskap/abonnement: Svein Løken, sv.l@online.no

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gongar i året.

Redaksjonen avslutta 3. april 2020.

Framsida: Frå Borgegrammin i Borgegrend i Numedal.
Bilete: Synnøve Landerud.

Medlemspengar til Norsk seterkultur for 2020

Med dette bladet skal det liggja ein giro som du kan bruka til å betala inn medlemspengar til Norsk seterkultur.

Årsmøtet i 2019 vedtok å auka medlemspengane for å styrkja arbeidet med å ta vare på den norske seterkulturen.

Satsane for 2020 er:

- støttemedlem el. abonnent: kr 400
- aktiv seterbrukar kr 750
- organisasjon el. institusjon kr 1500

Betal helst med den giroen som ligg ved bladet. (Er giroen komen vekk kan du betala til bankkontonummer 2367 20 51169 eller på vipps nr 508867. Merk i så fall betalinga tydeleg med namn og medlemsnummer.)

Det er ei god hjelp om du betaler medlemspengane innan fristen!

Er du plassert i feil abonnent-gruppe, f. eks. for at du har slutta med aktiv setring, kan du endra medlemspengane til rett sats. Endring av adresse m.m. kan du melda til kasserar Svein Løken, epost: sv.loken@gmail.com, tlf/sms 900 42 883.

Nokre få har alt betalt kontingent for 2020 og desse har fått faktura med kvittering for betaling på epost, og får ingen faktura med bladet.

Ny redaktør i Seterbrukaren

Etter mange års innsats i Norsk seterkultur og bladet Seterbrukaren gav redaktør Jostein Sande frå seg stafettpinnen hausten 2019. Ny redaktør for Seterbrukaren vart då Øystein Skjæveland, som laga den fyrste utgåva si av bladet i desember 2019.

Skjæveland bur i Kvinnherad i Hordaland, på ein gard utan støl. Men garden har derimot både høner, rabarbraåker og pæretre, som alle leverer råvarer til iskremen som ber namnet «Isrosa» og som er hovudproduksjonen på garden. Skjæveland har lang røynsle som journalist, redaktør

og informasjonsmedarbeidar, og har mellom anna i mange år vore redaktør for bladet «Gardsosten», som er medlemsbladet til Norsk Gardsost. Øystein Skjæveland er utdanna i journalistikk frå USA, er agronom frå Sogn Jord- og Hagebruksskule og har natur- og miljøvernutdanning frå Høgskulen i Telemark.



Frå årsmøtet 2020

På denne og dei neste sidene kjem stoff frå fagsamlinga og årsmøtet til Norsk seterkultur på Lillehammer 15. - 16. februar 2020.



Desse var med på Norsk seterkultur sitt årsmøte på Lillehammer 16. februar 2020 (bilete: Øystein Skjæveland).

Søknadspause for nye seterprodukt

Norsk seterkultur søker ikkje om vern for nye seterprodukt før ein veit meir om korleis ordninga fungerer for setersmør og stølssmør.

Som kjent fekk setersmør og stølssmør tildelt nemninga «verna tradisjonelt særpreg» ved forskrift av 2. september 2019. Utkastet til arbeidsplan som vart lagt fram for årsmøtet hadde med eit punkt om å søkja tilsvarande godkjenning for fleire seterprodukt. Det var ein del diskusjon om ein skulle setja visse kvalitetskrav til smør som skal kunna seljast med godkjennings-logoen, og korleis

ein i så fall skulle kunna sikra det. Det vart også sagt at ei eventuell godkjenning av seterrømme ikkje ville kunna hindra Tine sin etablerte bruk av dette ordet. I det endelege vedtaket heiter det at Valdres Natur- og Kulturpark kan søkja Innovasjon Noreg om midlar til ein forstudie for å fylgja opp setersmør. Vedtaket peikar vidare på Norsk Gardsost som samarbeidspartnar for å sikra kvaliteten på smøret.

Ø.S.



Diplomet som syner tildelinga av verna status til setersmør og stølssmør var utstilt på landsmøtet (bilete: Øystein Skjæveland).

Nytt styre i Norsk seterkultur

Siv Beate Eggen vart attvald som leiar for Norsk seterkultur for eitt år. Knut Ola Storbråten og Per Sæther var ikkje på val. Nils Sigurd Drabløs gjekk ut av styret, og Ove Sørestrand kom inn i staden. Marit Skjelstad gjekk ut av styret som Tine sin representant, Per Sigve Lien kom inn i staden. Som vara kom desse inn: Kjetil Larsgard (ny), Inga Iversen Aasen (ny) og Gro Arneng (attval).

Medlemsverving Manglar pengar til Unesco- prosjektet

Då framlegget til arbeidsplan var oppe på årsmøtet var det fleire i salen som tok til orde for at ein må få fleire av seterbrukarane i Noreg som medlemmer i laget. Eit punkt om ein verveplan kom difor inn som eit tillegg i arbeidsplanen. I 2019 kom det 54 nye medlemmer i Norsk seterkultur, av desse var 10 aktive seterbrukarar, går det fram av møteboka frå årsmøtet.

Elles har arbeidsplanen som mål å søkja politisk forankring av arbeidet for seterulturen i alle fjellfylke, og arbeida politisk saman med faglaga i samband med jordbruksforhandlingane. Laget skal også fylgja opp vernet for tradisjonelt setersmør, men eit punkt om å søkja godkjenning for fleire seterprodukt gjekk ut av lista.

Styret i Norsk seterkultur fekk fullmakt av årsmøtet til å arbeida vidare med å få seterulturen innskrive på Unesco si liste for kulturminne. Eit forprosjekt om dette er avslutta, og det er laga ein framtidig arbeidsplan med ei ramme på 3 millionar kroner. Det vart opplyst på årsmøtet at Felleskjøpet har sagt nei til ein søknad på 800 000 kroner til prosjektet, men har oppmoda om å søkja på nytt i 2021.

Det er difor ikkje pengar no til å tilsetja nokon til Unesco-arbeidet, og årsmøtet vedtok å gå vidare med prosjektet på vilkår av at ein får finansiert prosjektet utanfrå. Vedtaket vart gjort mot òi røyst.

Ja til tilskot også til leige-setrar

Årsmøtet meinte at setertilskotet også må kunna gå til setrar som ikkje er knytt til ein gard som får produksjonstilskot. Det vil til dømes vera når seterbrukarar leiger seter, og når det er snakk om besøks-setrar. Slike setrar tek også vare på fellesverdiar som tradisjon, biologisk mangfald, kulturlandskap og kulturminne, heiter det i vedtaket frå årsmøtet.

Vidare meinte årsmøtet at det bør vera ekstra stønad til dei bøndene som brukar to setrar. Det gamle systemet med både heimestøl og langstøl (eller fleire) gjer at dyra kan nytta beitet etter kvart som det mognast oppover i høgda. Om opphaldet

på heimestølane er kortare, må bygningane likevel haldast i stand. Det bør difor vera støtte til vedlikehald for seterbrukarar med mjølkeproduksjon som brukar heimestøl i meir enn to veker, heiter det i vedtaket.

Årsmøtet ville også endra minstekravet til produsert mjølk frå 45 liter om dagen til 30 liter om dagen, slik det var før 2019. Dette er altså minstekravet for at ei seter skal kunna få tilskot.

Desse tre sakene vart lagde fram for årsmøtet frå styret. Det var ein del ordskifte om ordlyd og innhald, og sakene vart sende til styret som retta opp tekstane etter årsmøtet sine ynskje.

Vidare kom det fram to nye saker frå årsmøtesalen som også

gjekk på tilskota til seterdrift. Det eine var at minstetida for å få setertilskot bør senkast frå seks til fire veker på stølen. Den andre saka galdt fellesettrar der fleire brukarar har buskap. Norsk seterkultur meiner at målet må vera å få flest mogeleg dyr til å bruka seterbeita, og at setertilskotet difor bør gå til kvar einskild bonde i fellessetra, ikkje som eitt tilskot som vert delt mellom alle brukarane på setra.

Alle desse fem sakene vil vera med som Norskseterkulturs sine innspel i jordbruksforhandlingane. Sjå møteboka frå årsmøtet for fleire detaljar.

Ø.S.

Seterdrifta reddes ikke av turisme og idealisme

Hvis samfunnet ønsker å opprettholde seterdrift i et visst omfang, må dagens virkemiddelbruk oppskaleres kraftig.

Litt over 1000 bønder, tilsvarende 13 prosent av landets melkeprodusenter, tar med seg kyrne og geitene til seters om sommeren og melker dem der, enten på en enkeltseter eller en fellesseter. Det er en nedgang på 60 prosent siden årtusenskiftet.

AgriAnalyse kom i februar 2020 med en rapport basert på en spørreundersøkelse hos alle landets seterbrukere, der svarandelen var på nærmere 60 prosent. Dette er uvanlig høyt og vitner om stort engasjement fra seterbrukerne selv for denne driftsformen.

Arbeidsmengde og lønnsomhet trekkes fram som sentrale utfordringer av seterbrukerne som har svart på undersøkelsen. Seterdrifta er en driftsform som har oppstått i en tid der det var langt flere hender, høyere verdi på utmarksressursene og færre transportmuligheter.

Å drifte og vedlikeholde to produksjonsapparat i stedet for ett er kostbart og arbeidskrevende. I tillegg er det ikke uvanlig å måtte kombinere melking på setra med stadige turer ned til gården for å drive med slått, vanning og tilsyn av dyr, eller med jobb utenfor. Halvparten av landets seterbrukere er på setra i mer enn ti uker hver sommer, 32 prosent er der i åtte eller ni uker, og resten i fire til sju uker.

Driver man i tillegg med foredling og turisme er arbeidsmengden ekstra stor. Femten prosent av landets seterbrukere foredler all eller noe av melka på setra for salg, men selv med styrket virkemiddelbruk for foredling, svarer 60 prosent at det uansett ikke er interessant å starte med dette. Dessuten sier 83 prosent av seterbrukerne at det er helt

avgjørende for videre drift på deres seter at setermelka fortsatt hentes uten ekstra kostnad av Tine.

Hvis samfunnet anser seterdrifta som en viktig del av norsk kulturarv og utmarksbruk som det er ønskelig å opprettholde, må dagens virkemiddelbruk oppdimensjoneres nok til at ikke flere slutter, til at det blir attraktivt å videreføre seterdrift ved generasjonsskifte, og til at også nye brukere og setre kommer til.

Det er en felles utfordring å tilrettelegge for denne driftsformen i en tid med færre hender, mindre lønnsomhet i seterdrifta, større krav til ferie og fritid, og kombinasjon med jobb og skole.

Dernest må også seterinvesteringer prioriteres med øremerkede midler og høyere støttegrad.

Heldigvis trenger vi ikke finne opp kruttet på nytt for å få til dette. Vi har en stor landbrukspolitisk verktøykasse med virkemidler som kan løfte seterdrifta. Den gjennomsnittlige seterbruker har 22 melkekyr eller 89 melkegeit, mens snittet blant alle melkeprodusenter er 28 melkekyr eller 118 melkegeit. Kun 29 prosent av seterbrukerne med ku har lagt om til løsdrift på hjemgården, mot et nasjonalt snitt på 40 prosent.

Det betyr at flere seterbrukere vil stå overfor investeringsbehov i årene fram mot 2034, som nå er den endelige fristen for omlegging til løsdrift, men også rundt 2024, når nye krav til mosjon og kalvingsbinger trer i kraft.

Da må det være mulig å få investeringsstøtte fra Innovasjon Norge til å fornyedriftsapparatet uten å måtte øke besetningsstørrelsen vesentlig. Det er nettopp dette flest seterbrukere (1 av 3) svarer på spørsmål om hva som skal til for at det fortsatt skal være drift på deres seter om ti år. Deretter følger økning av dagens setertilskudd.

Vilde Haarsaker, prosjektleder i Agri Analyse, heldt innlegg under fagsamlinga og tok for seg spørreundersøkjinga som er omtalt i denne artikkelen.

Det aller viktigste for å videreføre seterdrifta er å opprettholde små og mellomstore melkebruk over hele landet, og særlig i fjellbygdene. Både gjennom tilskuddene over jordbruksavtalen og føringene som legges for Innovasjon Norge over jordbruksavtalen. Fra og med 2019 har man sagt at 15-30-kyrsbrukene skal prioriteres ved søknader om investeringsmidler. For disse bør støttegraden økes utover dagens øvre grense på 35 prosent.

Dernest må også seterinvesteringer prioriteres med øremerkede midler og høyere støttegrad. Det må også innføres gode støtteordninger for infrastruktur som strøm, vei og vann på setra. Halvparten av de aktive setrene er i dag ikke tilkoblet strømmnett, og de aller fleste av disse benytter diesellaggregat. Det er dyrt i drift.

Videre bør setertilskuddet styrkes kraftig. I dag er det 50 000 kroner i driftstilskudd ved setring i minimum seks uker. Setertilskuddet bør dobles og eventuelt graderes etter hvor mange uker man er på setra. Minimumskravet om seks uker seterdrift bør reverseres til fire uker. Det bør også gis nasjonale føringer om besøkssetertilskudd og foredlingstilskudd. Det bør gis høyere tilskudd til fellessetre, f.eks. 50 prosent høyere.

Vi står foran et veiskille om vi skal ha et rimelig omfang av seterdrift også etter 2034. En tydelig nasjonal prioritering må til, og det er et politisk valg om denne høyt verdsatte tradisjonen skal videreføres.

Anne Bungjer
Vilde Haarsaker
Christian Anton Smedshaug
Agri Analyse

Agri Analyse er eit utgreiingsmiljø som arbeider med spørsmål knytta til landbruk og politikk, og er eigd av Norsk Landbrukssamvirke og Bondelaget.



Svein Gjerdåker synte bilete og fortalde frå stølen han har lånt på Voss i seks år (bilete: Øystein Skjæveland).

-Fleire burde låna ut stølen sin!

-Bøndene burde vore litt meir opne og pragmatiske og leigd ut stølen til ivrige stølsentusiastar. Det er mange som har lyst til å driva støl. Mi oppmoding til dykk i dag er at de skal oppmoda naboen om å leiga ut stølen sin.

Av Øystein Skjæveland

Dette sa Svein Gjerdåker på fagsamlinga til Norsk seterkultur på Lillehammer. I det daglege er Gjerdåker redaktør i vekeavisa Dag og Tid og bur i Oslo. Men nokre veker kvar sommar dreg han heim att til Voss og lever støslivet med kyr, gris og geit.

På fagsamlinga fortalde han frå stølinga si med både ord og bilete, men var ikkje minst oppteken av at fleire stolar må koma i bruk. Då han sjølv ville til støls fyrste gongen så ringde han 10-15 bønder på Voss, men ingen ville leiga ut. Så ringde han Anne Jorunn Tøn, som dreiv støl fram til 1990. Ho sa ja straks, og no har Gjerdåker vore på stølen der i seks somrar.

Det var ikkje nett høgast mogeleg avdrått Gjerdåker sikta mot – han ville ha små kyr for å få plass i fjøsen, og ikkje ynskte han så

mykje mjølk heller. Løysinga vart å leiga nokre små jerseykyr i slutten av laktasjonen. Men det vart litt tungvint å stadig måtta leiga nye kyr, så i 2016 kjøpte han to vestlandsk fjordfe. Dette har han enno, dei står på Selheim på Voss om vinteren.

Mjølka brukar Gjerdåker til å laga ost av. Han gjekk på ystekurs på Bygdøy i Oslo, og har elles stødd seg til klassikaren «Liten håndbok i ysting» av Helga Molde.

Buskapen er utvida etter kvart – til sommaren skal han ha med heile sju kalvar på stølen. Elles er grisene eit fast innslag. -De som har støl og ikkje har griser, de har ikkje skjont det, slo Gjerdåker fast framfor møtelyden av seterbrukarar. Grisene får mysa etter ystinga og går elles på fritt fjellbeite. Om ein brukar mykje tid i lag med dei dei fyrste dagane, så kan dei gå fritt resten av tida. Dei kan vera med på fjelltur også, sa Gjerdåker, og synte bilete av gris i fjellheimen på Voss.

I tillegg har han skaffa seg geit, og etter at dei var kje i fjor, kjem dei att som fire mjølkegeiter no til sommaren. Alle dyra har namn etter nynorske diktarar eller diktverk, som til dømes «Symra» eller «Hulda».

Gjerdåker har ikkje noko inntekt på stølinga si, tvert i mot måtte han be

salen om ikkje å seia vidare kva det kosta han. Osten har han ikkje lov å selja.

-Eg har ein grunn til å driva støl, det er at eg har noko å skriva om i Dag og Tid, sa Gjerdåker. Og kvar sommar har han ein artikkelserie i avisa om støslivet. Det er slett ikkje berre idyll, men også dramatiske historier om dyr som nesten stryk med.

Men han kunne fortelja at han vert oppsøkt av andre som vil han skal driva støl for dei, og folk som sjølv vil driva støl oppsøker han. Og han oppmodar alle med ubrukt støl om ikkje å vera redd for å sleppa til andre. -Det er ikkje så mykje gale som kan skje på ein støl. Om ein byrjar i det små, så lærer ein seg fort det meste.

På spørsmål frå Gjerdåker kom det fram at det var tre i salen som sjølv låner støl, og han var overraska over at det var såpass mange.

Støls-spalte i avisa?

Redaktør Svein Gjerdåker vil gjerne ha ei fast spalte i Dag og Tid der han presenterer norske stolar. Om du kunne tenkja deg å ha stølen din med der, så ta kontakt med Gjerdåker på epost svein@dagogtid.no.



Siv Beate Eggen delte ut Seterprisen til Tor Helge og Astrid Gravem (over). Tor Helge Gravem heldt innlegg under fagsamlinga (bilete: Øystein Skjæveland).



Seterprisen 2020 til Grøvudalen

Tor Helge og Astrid Gravem og stiftinga Inner Gammelsetra Grøvudalen fekk tildelt Seterprisen for 2020.

Av Øystein Skjæveland

Leiar Siv Beate Eggen i Norsk seterkultur delte ut prisen til Tor Helge og Astrid Gravem under middagen laurdag på fagsamlinga på Lillehammer i februar. Juryen for prisen la mellom anna vekt på arbeidet med kunnskapsformidling og kurs for unge.

Under fagsamlings-programmet på sundagen hadde Tor Helge Gravem eit innlegg og fortalde om Inner Gammelsetra og viste bilete. Denne setra i Sunndal kommune i Møre og Romsdal er ikkje driven på vanleg måte som ein del av drifta på ein gard. I staden er det ei lang rekkje idealistar som har drive setra gjennom mange år, med føremål å læra vekk seterbruk og ta vare på bygningar og tradisjonar.

Soga om stølsdrifta i Grøvudalen i nyare tid strekkjer seg nesten 50 år

bakover i tid. Då kraftutbyggjarane på 1970-talet ville leggja Grøvudalen under vatn var det mange som ville hindra neddemminga. På denne tida var det berre òi seter i dalen som framleis var i drift, etter at det hadde vore setring i Grøvudalen i mange hundre år.

Som eit ledd i motstanden mot neddemming var det ein stor vilje til å halda fram seterdrifta i dalen. Difor vart det fyrste seterkurset laga til i juli 1972, i samarbeid med ungdomslaget og med Marit Rekdal Hoel som drivande kraft. Då den opphavlege drifta ved Heimer gammelsetra vart lagt ned i 1973 overtok nokre av dei som var med på det fyrste seterkurset, med leigd budskap og leigd seter. Setra ligg på 850 meter over havet.

I 1996 vart drifta flytta frå Heimer Gammelsetra til Inner Gammelsetra, som då ikkje hadde vore i drift sidan 1930-talet. Etter det er fleire hus sette i stand og «nygamle» hus er bygde. Sunndal seterdriftslag vart skipa, eit lag som Tor Helge Gravem humoristisk omtalte som «drive etter anarkistiske

prinsipp» under innlegget sitt. Laget fekk Finseprisen i 2000. Frå 2005 vart stølsdrifta organisert i ei stifting. Stiftinga leiger både kyrne og setra.

I 2010 kom boka «40 år med ungdomleg seterdrift», som fortalde historia om seterdrifta så langt. Seterkurset har halde fram, og det vart i 2019 laga eit eige kurshefte med både praktisk opplæring i seterbruk og mjølkeforedling og ei innføring i seterlivet i gamal tid.

Norsk seterkultur overtok Seterprisen etter Selskapet for Norges Vel i 2017. I 2019 gjekk Seterprisen til Undredal Stølsysteri i Sogn, i 2018 til Stølsnettverket i Hallingdal og i 2017 til Brimi sæter.

Prisen skal vera ei påskjøning til eldsjeler som har gjort ein stor innsats for seterdrifta. Siktemålet er at prisen skal skapa blest og hjelpa til å sikra vidare vokster for seterdrifta.

Ei framtid på setra

Utmarka er viktig for Øistein Aasen, mjølkebonde frå Vingelen og «årets unge bonde» i 2019. Og det er jo praktisk å la kua henta graset sjølv. Difor satsar han både på nytt seterfjøs og foredlingslokale på setra.

Av Øystein Skjæveland

Øistein (32) og familien driv mjølkeproduksjon på ku i Tolga kommune i Nord-Østerdalen. Og blant heile 987 nominerte var det altså Øistein Aasen som i november 2019 vart kåra til «årets unge bonde». Her er det ein kar som tenkjer heilskapleg og framtidsretta, samstundes som han tek vare på gamle landbrukstradisjonar, meinte juryen. Og vidare: Den unge bonden er oppteken av dyrevelferd og berekraft, og arbeider kvar dag med å heva kvaliteten på mjølka gjennom å bruka mindre kraftfôr og nytta beitemarka maksimalt. Og dermed gjekk prisen beint til Vingelen.



Gamlefjøset frå 1784 er framleis brukande, men i minste laget for NRF-kyr (bilete: privat).

Kriterier for å verta «årets unge bonde» er at bonden må vera matprodusent, under 35 år og eit sunt førebilete som kan inspirera fleire kloke hovud og driftige hender til å finna vegen til norsk landbruk. Kåringa er eit samarbeid mellom Norges Bygdeungdomslag, McDonald's og Felleskjøpet. Landbruks- og matminister Olaug Bollestad var leiar i juryen.

Øistein og kona Inga var mykje framme både i aviser og fjernsyn i tida rundt utmerkinga i november, og vart kjende fjes både i landbrukspressa og elles. Og som seterbrukar var også Øistein ein naturleg gjest på Norsk seterkultur si fagsamling på Lillehammer i februar. Der heldt han eit innlegg der han med hjelp av mange bilete fortalde om fortid, notid og framtid



Ost frå seter-mjølka kan vera ein framtidig næringsveg (bilete: privat).



Øistein og Inga Iversen Aasen på Norsk seter-kultur si samling på Lillehammer (bilete: Øystein Skjæveland).



Sommaren 2020 skal etter planen det nye seterfjøset stå ferdig (bilette: privat).

på gard og seter.

Han og Inga tok over på Utistu i 2017, men foreldra hans er framleis med i drifta. Mjølkekvoten er på 110 000 tonn, og utmarka er viktig for drifta. Utistu-brukarane tykkjer det er praktisk å la kyrne henta føret sjølve, og legg opp til mest mogeleg sommarmjolk. Dei er difor på setra omlag frå jonsok til ut august. Setra ligg på 800 meter over havet, ikkje så mange kilometer frå garden. (Ulempa med å ha setra så nære heime er at kyrne kan finna på å dra heimover sjølve når dei meiner at sommaren er på hell...)

Utmarksbeitet er ein stor ressurs som Øistein vil utnytta i endå større grad, fortel han i eit intervju med Bondebladet. Han følgjer difor godt med på ny teknologi, til dømes

virtuelle gjerde.

Heime på Utistu er planen er få til ein to månaders mjølkepause i fjøset midtvinters, så folk og fe kan få det litt rolegare i den mørkaste tida. Her er det elles tanken å få robot i fjøset på litt sikt.

På setra har dei fram til no brukt det gamle seterfjøset som er frå 1784. Fjøset er i god stand framleis, men båsane var nok ikkje laga til NRF-kyr.... Difor ser dei unge brukarane fram til sommaren, då dei skal ta i bruk det nybygde seterfjøset sitt. Her kan heile buskapen på 15 kyr ha god plass og få mjølka seg i ny stall med fire plassar.

Folket kan dessutan gle seg til at det er sett av plass til ysting på setra. Både Øistein og Inga har vore på fleire ystekurs og vurderer ost som

eitt av fleire bein å stå på framover.

Eit anna bein er setergjester og turisme, og når gamlefjøset får avløyning etter 236 år skal det gjerast om til serveringsstad. Dei skal også byggja tre soverom for utleige og gjester.

Øistein Aasen vurderer å leggja om til økologisk drift og levera til Rørosmeieriet, som er på jakt etter fleire produsentar. Men skal han kutta ut kunstgjødsla trengst meir jord, og Øistein har planar om å dyrka opp meir, fortel han.

Det er altså ikkje mangel på planar og framtidstru hjå årets unge bonde, og setra og utmarka har ein stor plass i den framtida.



Gausdøl i Sogn

Garden Markeset (over) ligg på 400 meter og Lonestølen (under) ligg på 600 meter over havet..

Tekst og bilete:
Nils Sigurd Drabløs

Arne Bekkevoll kom til garden Markeset i Vadheim i Sogn i 1976 som 28-årig dreng. Han kom ikkje frå gard, men likevel hadde han erfaring frå åtte år på tre ulike sætrar i Gausdal. Dei siste tre åra åleine med 25 kyr og 40 geiter. Han tok med flokken sin på 25 geiter til Markeset. Etter seks år tok han over garden etter eigarane, som ikkje hadde born.

Markeset ligg 400 meter over havet. Det er ikkje drift på nabogarden, men eigaren bur der. Til neste naboar i Vadheim er det seks kilometer. Halve året bur han åleine, resten av året har han dreng frå aust-Europa. Fram til 2007 hadde han 18 kyr og 90

geiter, då slutta han med geiter. I staden har han 40 sauer av rasen Gamalnorsk spel.

Arne har vårkalving, gardsvegen er for utrygg om vinteren for

mjølkebilen. Store snømengder gjer at Arne kan vere isolert i dagevis. Då kokar han den beste brunosten eg har smakt.

Garden er på 140 dekar fulldyrka,





Arne Bekkevoll og Gunhild Øigarden på Lonestølen.

og ubegrensa utmark. Han tek ein slått, og dei siste åra har alt blitt lagt i silo. Alt blir slått med fôrhaustar og vossakasse. Berre kalvane og ungdyra har inngjerda beite, kyrne går rett i utmarka når dei er heime.

Arne har hatt seks ulike storferasar. Først Sidet trønder og nordlandsfe, sidan NRF, som ikkje høvde i dei bratte liene heime og på Lonestølen, som ligg 600 meter over havet og sju kilometer frå Markeset. Så prøvde han Telemarksfe og Vestlandsk raudkolle, og frå 1990-talet har han hatt Vestlandsk fjordfe. Då Ludvik Steinset i Guddal slutta med dyr kjøpte Arne heile buskapen hans. Vestlandsk fjordfe har godt lynne og er høveleg store. I dei seinare åra har han hatt eit par kyr av Dølafe, som var rasen han vaks opp med i Gausdal. Mjølkekvoten er på 82 000 kg.

Arne var med i det første styret i Laget for Vestlandsk fjordfe frå 1991, seinare var han vert for styremøta i 25 år. Alltid triveleg med god mat og fine dyr. Av alle husdyrfolk eg har kjent, er det Arne eg har lært mest av. Han har svar på det meste, og telefonsamtalane om dyr er gjerne lange.

Arne har ei spesiell døgnrytme, og han brukar sommartid heile året. Han går i fjøset før klokka fire om morgonen, ferdig i 8-9-tida. Så er det middag klokka 11, og litt kviletid før anna arbeid, før han går i fjøset att 16.30. Sjølv sagt har han ein fjøsrunde midt på dag, og ein før leggjetid. Han legg seg tidleg, og han fortalde ein gong at «Det var ein idiot som ringde meg midt på natt klokka halv ti». Kanskje det var eg?

Dyra ligg Arne sitt hjarta nærast, og berre eit par andre stader har eg sett liknande godt dyrestell. Alle dyra blir pussa minst ein gong for dag, då blir dei rolege og lette å handtere, noko som

er viktig då han for det meste er åleine med dyra. Det beste med å bu på ein slik stad er fridomen for dyra. Han opnar fjøsdøra, og dei har store vidder å beite på. Ingen biltrafikk og lite rovdyr. Om ei ku er brunstig, slemper han henne ut i lag med oksen om morgonen, og om ettermiddagen står dei fornøgde og vil inn. Sidan det ikkje er andre storfe i fjellet, har han og med oksen på stølen. Ein okse i kuflokken er heilt naturleg, og gjer at dyra blir rolegare.

Arne er på Lonestølen frå omlag 1. juli til omlag 1. september. Han er heilt avhengig av å ha dyra på stølen, og dyra avgjer sjølve når dei vil flytte, og likeeins når dei vil flytte heim att. Vassdraget i dalen vart utbygt på 1960-talet, så Statkraft held med veg. Likevel må han ha aggregat for å drive mjølkemaskin og tank. Sjølv sagt har Arne hatt besøk av folk som vil byggje vindmøller i fjellet rundt stølen hans. Dei snakka om at det var naudsynt på grunn av det såkalla grøne skiftet. Han skulle få eit endelaust tal millionar for fjellet sitt. Men Arne bad dei «dra til helvete». Han legg ikkje fingrane i mellom, han er tilhengjar av tydeleg tale. Ein heidersmann!



Det er brattlendt på Markeset.

~ Det er ingen som stel dyra her



Baqer Mosawi og dyra hans (bilete: Magnus Bergström).

Den yngste seterbrukaren i Sverige heiter Baqer Mosawi og er ein 22 år gamal afghanar utan opphaldsløyve.

Tekst: Christopher Friman

-Far min og dei mannlege slektningane mine vart drepne før eg vart fødd, og eg vaks opp hjå morbror min i Sar-e Pol i Afghanistan. Han hadde dyr: kyr, sauer, geiter. Eg hjelpte til med å sanko mat til dyra, då eg vart eldre sådde eg og slo med ljå.

Dei hadde ikkje traktor då, berre oksar til å pløya. Om somrane flytte me med dyra til setra, om hausten flytta me heim att til bygda. Eg gjekk på skulen fire timar om dagen, resten av av tida hjelpte eg til på garden.

Eg var svært glad i dyr og særskilt i sauer. Eg drøymde om å ha fleire hundre og tenkte at når eg vart eldre skulle eg byggja eit gjerde så dei fekk vera i fred. Eit problem i Afghanistan var at folk av og til stal og selde dyra, eller slakta dei heime.

Då eg var 16 år fekk eg vanskar på grunn av noko som hende familien min. Eg var eit drygt år i Iran og kom til Sverige i 2015. Eg hamna på ein gamal militærleir i Trängslet i Ålvdalen med meir enn 500 flyktingar. Mange av dei fekk arbeidspraksis på lca eller vinmonopolet, men ein dag var det to karar som fortalde at dei hadde vore på ein gard. Den eine av dei var der i ei veke, den andre i to timar. Ein tolk og ein god mann hjelpte meg med å ringja. Bonden hadde sju mjølkekyr, ni kalvar, 12 geiter og 17 sauer. Om sommaren hadde han dyra sine på setra, om vinteren var dei på garden. Det var svært kaldt då eg kom dit, 30 minusgrader. Det var slitsamt i byrjinga, men bonden lærte meg korleis eg skulle gjera det: gje vatn til dyra, gje silofôr, vaska opp, mjølka, skriva kalvingsrapportar, måka snø....

Bonden hadde problem med ryggen og akslene og etter ei tid vart han nøydd til å slutta med dyrehaldet. Han sa: «Om du vil arbeida med dyr så kan du ta over». No tek eg hand om alt åleine.

I mai dreg eg med dyra til setra og der er eg med dei til oktober. Eg mjølkar i fem-tida om morgonen, så slepper eg dei på skogen. Om dagen lagar eg smør og ost og slikt. Smøret lagar eg på afghansk vis. Fyrst lagar ein yoghurt av fløyte, og så lagar ein smør av yoghurten. Det vert mykje syrlegare og smakar svært godt. I sekstida om kvelden kjem dyra att. Då mjølkar eg att og slepper dei i seterkvea. Så kviler dei til klokka fem og så er det på han att.

Eg er ofte åleine, men av og til kjem det turistar som stoggar og tek ein matbite. Dei vert ofte glade når dei ser ein flyktning som arbeider med dyr på gamlemåten. Eg er 22, og eg har høyrte at eg er den yngste i heile Sverige som mjølkar og foredlar mjølka. Eg veit om ein del andre flyktningar som også arbeider i landbruket. I Orsa er det nokre afrikanarar som er hjå ein bonde, men dei driv ikkje alt sjølv, slik eg gjer. Eg veit ikkje kvifor ikkje fleire gjer som meg, men det er hardt arbeid. Og mykje byråkrati – det er svært vanskeleg for ein som ikkje kan svensk så bra.

Sjølv om me nesten hadde som ei seter der eg vaks opp er det skilnad på Sverige og Afghanistan. Vinteren er mykje lengre her, og ein treng ikkje gjeta dyra – ein berre slepper dei på skogen, og så finn dei mat sjølve. Og det er ingen som stel dei. No har eg over 60 dyr. Eg har ikkje opphaldsløyve, men om seks-sju månader får eg vita om eg kan verta verande. Om ikkje, så vil eg freista å selja dyra, og så får eg prøva å koma meg til eit anna land.

Dersom eg får vera vil eg halda fram med dette. Eg vil ikkje ha eit slikt moderne jordbruk med mykje maskinar og data. Eg vil vera nær dyra, så ein har styring på korleis alt saman vert. Eg vil ha meir enn 100 mjølkekyr. Byggja opp eit meieri, slakteri, alt slikt. Eg skal ta hand om all mjølka og laga mitt eige smør, kanhenda også tilsetja nokon som arbeider for meg. Det har ikkje noko å seia kvar den personen kjem frå. Det kan vera kven som helst. Berre det er nokon som er flink til å arbeida.

Seterbrukaren takkar det svenske bladet Filter for lånet av denne teksten, som stod på trykk der i november 2019.



Baqer Mosawi og hjelparane hans etter busføring 15 kilometer frå Håltby fäbod, der det til vanleg er setring i august og september, til Okbodarnas fäbod, som er ei vår- og haustseter. Sau, geit, ku og jak beitar på både setrane, som ligg i Älvdalen kommune i Dalarna fylke i Sverige. Etter haustsetringa flytter buskapanen til vinterbustad i Åsen på andre sida av Österdalselva i Älvdalen. Älvdalen kommune grensar i vest til den norske kommunen Engerdal i gamle Hedmark fylke (bilete: Goth Bertil Johansson).



Matssäl fäbod i Venjan, som mellom andre Baqer Mosawi brukar. Denne setra har vore i bruk minst sidan 1560-talet, og her er det i dag beiting med sau, geit, ku og jak. Venjan ligg sør for Älvdalen i Mora kommune i Dalarna fylke (bilete: Goth Bertil Johansson).

Nystaul i Åmotsdal i Telemark



Jon og Irene Aarbakk steller dyr og kokar ost på Nystaul i Åmotsdal.

Nystaul ligg høgt oppe i Åmotsdal. No er det opparbeidd veg heilt fram - i gamle dagar gjekk det berre ein stig fram til dette området.

Tekst og bilete: Trygve Nes

På Nystaul i Åmotsdal har det blive ysta og koka ost og prim i fleire generasjonar. I motsetnad til dei aller fleste andre staular er det ikkje slutt med det her. På Nystaul treffer vi Jon og Irene Aarbakk som driv garden nedre Øverbø i Åmotsdal. Også Nystaul stod tom i mange år inntil Irene og Jon tok opp att staulsdrifta for nokre år sidan. No har dei vore på Nystaul i 16 år.

Dei seier at folk er hjarteleg velkomne til å stikke innom.

Det var i tidlegare tider mange staular til denne garden: Engegrav, Haugeset, Gunnarstaul, Høgeli, Holtar, Dyrdal, Hovdeli, Hovdestaul og Nystaul. No er det berre Nystaul i bruk.

Dei som ventar å finne ei seter med berre ein handfull dyr tek feil. På Nystaul er det til saman 170 geiter. Av desse er det 99 som høyrer til på Øverbø – dessutan er det 71 geiter frå Kirsti Sandland på Høydalsmo i forpleining.

På Nystaul er det eit lite ysteri. Tre gonger i veka ystar Irene brun og kvit geitost og kokar prim. Kjelen i ysteriet tek 250 liter, men han blir fylt med berre 100 liter mjølk. Ystinga varer heile dagen, sidan det tek ein time å koke ned 10 liter mjølk. Til fying blir det brukt granved. I motsetning

til bjørkeved gjev han ikkje glør som er vanskeleg å halde styr på.

Geitene vart sleppte ut på beite tidleg i år (2019) - allereie i april. Det har vore ein bra sommar med vekslande vør og bra avling, fortel Irene. At dyra beitar fritt gjev god mjølk. I oktober er det slutt på at dei går fritt på beite – då skø geitan attende te fjaset for ein kald vinter.

Det er totalt 13 produsentar av geitemjølke i Telemark. Øverbø er einaste gard i Seljord som har mjølkegeiter, medan Tokke og Vinje har fleire produsentar. På andre sida av Haukeli er det endå fleire. Geitene mjølkar ikkje i november og desember for då er det stengt på Tine meieri på Haukeli.

Framhald på baksida av bladet.



Optima pH 4 Gel

til overflatesår, munnskurv, jur- og spenesalve, og som glidemiddel ved fødselshjelp.

Andre produkt:

- Spenevask og Spenespray - god jurhelse - god mjølkehygiene
- Universalvask og Organiske syrer til reinhold i heim, fjøs og ysteri
- Hudvask og Hudbalsam - personleg hygiene og ved hudplager

Les meir på www.optima-ph.no sider for geit og storfe

Gjer «livet surt» for problembakteriane og legg til rette for dei gode bakteriane i heile miljøet.




Optima Produkter AS
5600 Norheimsund, Tlf. 56 56 46 10

www.optima-ph.no

Sendar:

Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77
2900 Fagernes

**Framhald frå side 14:**

Irene opplyser at det er nokolunde trygt for rovdyr i desse traktene. Geitene går i flokk og er ikkje så utsette for å bli tekne av rovdyr som sau, meiner Irene. Ein bjørn hadde hi i Øyfjell og det vart også teke sau i tunet på Kvambekk for nokre år sidan. Men ulv skal ha vorte sett i Svartdal i vår og rett nok vart eit par geiter angripne av gaupe for nokre år sidan, så heilt trygge kan dei vel ikkje vera.



Det var til saman 9 staular under nedre Øverbø. På Gunnarstaul er husa restaurerte.

Dette stykket stod i Telemarksmagasinet hausten 2019. Seterbrukaren takkar Telemarksmagasinet og Trygve Nes så mykje for lånet.



Irene rører i primgryta. Det tek ein time å koke ned 10 liter mjølk.

Innsatsen for seterdrifta
treng fleire støttespelarar.

Bli medlem

i Norsk seterkultur!

www.seterkultur.no



Mange av
produkta våre
har rot i støls-
kulturen og
vi støttar

Norsk seterkultur i arbeidet
for denne driftsforma.

**Rolstadsetra får stå**

Etter eit svært stort engasjement mot å riva seterbygningane på Vesllie på Dovrefjell har miljøminister Sveinung Rotevatn avgjort at Rolstadsetra skal få stå. Dette skal vera dei to eldste seterbygningane i Vesllie, melder regjeringa 10. mars 2020.

Planen var å riva alle bygningane i Vesllie av omsyn til villreinen. Det er ikkje bygningane i seg sjølve som skapar vanskar for reinen, men verksemda dei fører med seg. Ansvar for bygningane vert overført frå Forsvarsbygg til Miljødirektoratet, og det vil vera strenge restriksjonar på bruk og ferdsel.

Ø.S.

**Film om
historisk geitedrift**

For omlag hundre år sidan vart det vanleg å leiga geiter til setring og osteproduksjon på Haukelidfjell i Telemark. Kristin Skromme frå Åkra i Kvinnherad er med på å prøva å få midlar til å laga ein film om dette, melder NynorskpresskontoriNationen. Målet med filmen er å formidla denne delen av kulturarven og syna kor viktig geitehaldet var. Gardar i Telemark leigde geiter på Vestlandet og dreiv dei heim over fjellet. Av geitemjølka vart det laga ost på stølane. Planen er at ein film skal vera ferdig i 2020.

Ø.S.